

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[791] N-29324 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147f, 156; 1988b: 15, 20, 22; 1988c: 49, 52, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 22f; 1991: 69; Sanness Johnsen 1981: 121; Seim 1989: 338, 345; NIyR VI: 244, omtala som A163; Christophersen 27, 33) .

Eigarinnskrift på merkelapp av tre. Merket er litt skadd i den enden der innskrifta sluttar. Det har innfelt eit innsnitt langs bae sider frå og med første rune og får såleis ein svakt **T**-liknande fasong. Det er no 75 mm langt og største tverrsnitt på 15 x 6 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FF i hovudfase 8, som kan daterast til tida mellom 1225 og 1275. Innskrifta er gjort på den eine breisida av merket med tydelege, dobbeltskorne runer. Ho dekkjer om lag heile den innsnitta delen av flata og er 55 mm lang. Runene er 10 mm høge. Kvistane på r. 1 har om lag same lengd som staven. R. 2 (**r**) har open boge som dekkjer om lag 5/7 av høgda på staven. På r. 4 går kvisten ut svært langt nede frå staven, slik at det kan sjå ut som om runene er skorpe før merket har fått si endelege utforming. R. 7 har monaleg større avstand frå føregåande rune enn det som elles er tilfelle i sekvensen frå r. 1 til r. 6, men det er ikkje spor av noko ordskiljeteikn. Runa er elles skadd slik at ein del av staven no er borte i i den skadde kanten av merket. Treet i merket er i dag (1994) sterkt oppmorkna.

*R|Ƿ|Ƿ|Ƿ

h r i f l a a

Hrifla á. 'Rivla eig'.

Mannsnamnet *Hrifla* høyrer til ei lita gruppa som har *_n*-stammebøying på line med dei fem som er nemnde av Noreen (1923:§408.1), *Ella*, *Sifka*, *Skúta*, *Sturla* og *Úrøkia*. I austnordisk synest namnet å ha hatt an-stammebøying, om vi skal dømme etter innskrifta på Gursten-stenen (Viborg amt DR 91) som gir forma **Rifla** i obl. kasus (**aiftiR Rifla sun askis bianaR sunaR**). I vestnordisk er namnet *Hrifla* lite kjent og har der berre sikkert belegg frå Island. Lind (1905-15: 575) har belegg frå fleire tekster på ein *Hrifla Þorsteinsson Egilssonar* og meiner det utan tvil er same mann det er referert til alle gongene. Elles er det belegg i DI frå 1390 på eit gardsnamn *Hriflugerði*. Sigurður Nordal (1933: 276) viser til at den eine *Hrifla* som er belagd i litterære kjelder, var ein "laungetinn" soneson av Egill Skallagrímsson, son av Þorsteinn Egilsson på Borg. Frå denne *Hrifla* skal ættlina gå vidare fram til Sturlungane, men utanom førstelekken i det nemnde gardsnamnet er det

ukjent, seier Nordal (jf. også Sannes Johnsen 1981). Også av språklege grunnar må vi rekna dette namnet som islandsk. I norsk var slik /h/ før /r/ fallen bort før år 1000. Dei få norske innskriftene med lydsambandet /hr-/ markert er såleis rekna for å vera frå tida før år 1000 (jf. NIyR I. 143 og III: 109). I ei så sein innskrift som dette, må skrivemåten med <h> før <r> sjåast som eit sikkert islandsk språkdrag. Av interesse for diskusjonen om proveniens og funksjon for desse merkelappane kan kanskje vera at det i same felt og funnlag også er funne ei kvalrosstann, eit materiale som i alle fall må vera importert (Nordeide 1990:145)